

Immateriell kulturarv

([HTTPS://WWW.IMMATERIELLKULTURARV.NO/](https://www.immaterieellkulturarv.no/))

Le 07 AVR. 2017

N° 0203



(<https://www.immaterieellkulturarv.no/wp-content/uploads/2017/01/5-singers.jpg>)

Setesdalsgangar (dans og spel), stev og stevjing

Dans, spel, kveding og stevjing er viktig for identiteten til setesdølene, og blir også bruka som kunstnarleg uttrykk av andre som er interesserte i denne tradisjonen. Musikken og dansen har rom for individualitet og variasjon. Den blir bruka både i heimen, i kulturskulen, på puben og på scenen. Stevet er med på å ta vare på dialekten.

Skrevet av Setesdal spelemannslag. Sist oppdatert 23. mars 2017. Vil du gjenbruke innholdet? [Innholdet har fri gjenbruk](https://www.immaterieellkulturarv.no/fri-gjenbruk)
(<https://www.immaterieellkulturarv.no/fri-gjenbruk>)

Hva er det?

Musikken og dansen høyrer saman. Dei fleste slåttane er danseslåttar. Stevet kan fortelje om dansen, musikken eller utøvarane. Stevtonane kan også bli spela på fele eller munnharpe. Ein utøvar kjenner alle uttrykka og beherskar gjerne alle tre. Dans, spel og kveding skjer ofte på same sosiale arena.

Slåttar er fellesnemning på den instrumentale musikken som blir spela på hardingfele, fele eller munnharpe. Det finst både seremonielle slåttar (brureslåttar, bruremarsjar, lydarslåttar) og danseslåttar (gangar). Gangar blir spela i todelt rytme (2/4 eller 6/8 takt). Musikken er bygt opp på ei lang rekke to- og tretaktsmotiv med individuell variasjon.

Dansen som høyrer til musikken blir også kalla gangar. Det er ein pardans der ein kan danse eitt par åleine («danse eisemadde»), eller i ring med partnarbyte. Det kan dansast på "greileik" (med fin og høvisk framtoning) eller på "sprekleik" (då er dansaren i toppform og gjer spreke kast i dansen).

Kveding er individuell framføring av stev. Songen har karakteristiske stiltrekk med spesiell stemmebruk og rytmisk særpreg. Når ein eller fleire kved stev til kvarandre (i dialog) blir dette kalla stevjing eller stevleik. Stev er eit vers på fire liner som kan stå for seg sjølv. Det er to typar stev: Nystev og gamlestev.

Nystevet har enderim der andre lineslutt rimar på første, og fjerde lineslutt rimar på tredje:

Eg hev ei jente, ho æ så fine
Som venast vårdag fysst soli skine,
Hendan hev ho som føykje mjødd
Og kinn som soli ho ris yv fjødd.

Gamlestevet har eit anna tal trykkunge og trykklette stavingar, og enderim der fjerde linjeslutt rimar på andre:

Håret hev ho som tiriltunga
Halsen æ som mjødd
Augo dei æ i hausen sjå
Som soli ris yvi fjødd.

Hvordan, hva og når?

Musikken krev instrument (hardingfele, fele, munnharpe) og utøvarar som kan tradisjonen og utøving på instrumenta. Dansen krev musikk og dansegolv, og for å utøve kveding trengst eiga stemme, ferdigheit og kunnskap om tradisjonen.

Musikken blir bruka i heimen, på kulturskulen, i sosiale samanhengar, på scenen, i konkurranse (kappleik), i media, i bøker, litteratur og fonogram, og på sosiale media.

Dette er kulturuttrykk som er viktige både sosialt og som kunstnarlege uttrykk. Det er ein viktig del av den lokale kulturen, og avgjerande for identitet og fellesskap.

Tradisjonen har rom for personleg utforming og variasjon. Det finst registrert kring 25-30.000 stev frå Setesdal, og kring 40 ulike stevmelodiar. Etersom alle nystev har same verseform (og det same gjeld for gamlestev), kan dei ulike melodiane brukast på dei stevtekstane som finst. Det blir også dikta nye stev. Stev blir bruka i reklame, som debattinnlegg, i søknader, og som verseform i takketalar og helsingar til bryllaup, konfirmasjonar m m. Det kan nemnast spesielt at stev blir ofte bruka i lokalavisa (Setesdølen) og mållagets jolehefte (Jol i Setesdal).

For musikken og dansen er det ulike personlege stilar og uttrykksformer. Det blir laga nye slåttar innanfor den tradisjonelle forma, og alle utøvarane har eit individuelt preg og sine personlege variasjonar av tradisjonsmaterialet. I seinare tid har det tradisjonelle slåttmaterialet også blitt spela på nye («utradisjonelle») instrument.

Gangaren blir som før nemnt også dansa som pardans i ring med byte av dansepartner, noko som gjer det lett å integrere nye dansarar i danseringen.

Hvem?

Utøvarane er menn og kvinner i alle aldersgrupper. Dei fleste er amatørar, men nokre er profesjonelle. I tillegg til dei som er utøvarar av tradisjonen er det mange eigarar av tradisjonen: Familiane til utøvarane, nabolag, lokalmiljø, besøkande på pub og ulike arrangement, organisasjonsmedlemmer, og elles innbyggjarane i bygda/kommunen som identifiserer seg som setesdøler (Bygland, Valle, Bykle). Dette gjeld også utflytta tradisjonsberarar og deira miljø, andre folkedansarar/folkemusikarar som kjenner og brukar tradisjonen, og publikum generelt.

Det er kring 3500 innbyggjarar i de tre kommunane Bygland, Valle, Bykle. Det er i 2015 ca 1 % av innbyggjarar som er utøvande spelemenn, ca 5 % er kvedarar og ca 15 % dansarar. Alle som spelar kan danse gangar, og dei fleste kan kvede stev.

Døme på aktivitet:

Ei songgruppe, i gjennomsnitt 8-12 personar, møtest til kvedarstund kvar månad på Sylvartun, som er etablert av Setesdalsmuseet som senter for immateriell kultur i Setesdal. Her møtest også spelemenn to gonger i månaden for samspel på hardingfele.

Det er opplæring i både spel og kveding i kulturskulane, og i skulen har det vore opplæring i gangardans. Det er også individuell opplæring i hardingfele og munnharpe direkte frå læremeister til elev.

Det kan nemnast spesielt at i seinare tid er det kome i gang ei ungdomsgruppe - Sæbyggjan – som har laga faste program med dans og musikk, og som også har delteke nasjonalt på festivalar og landskappleikar. I sommarhalvåret er Kulturpatrulja aktiv med folkemusikk og folkedans på ulike arrangement og museumsområde. Dette blir organisert og finansiert av Setesdalsmuseet. I tillegg er det fleire lokale leikarringar – Austad (Bygland kommune), Valle (Valle kommune) og Bykle (Bykle kommune).

Medlemer i Setesdal spelemannslag er aktive både som enkeltutøvarar og som dansarar med faste partnarar og spesialiserer seg mot kappleik og framsyning. Elles blir musikken bruka i samband med kappleik der ein konkurrerer i spel, dans og kveding, på spelemannslagetts faste jolefest, på faste pub-kveldar og elles ved høgtider og i ulike sosiale samanhengar (bryllaup, konfirmasjonar, fødselsdagar og meir uformelle venelag).

Hallvard T. Bjørgum - Skjoldmøyslaget (Norwegian folk, fiddle)



Sigurd Brokke - Filleværen (NRK Folklab 2012)



Folkemusikarar og dansarar i Setesdal har dansekveld saman med asyl...



Daniel Sandén Warg spelar "Taddelvs minne"



Gangarring på Håmåren, Rysstad.



Stevleik





<https://www.immaterieilkulturarv.no/wp-content/uploads/2017/01/3-fiddler.jpg>



https://www.immaterieilkulturarv.no/wp-content/uploads/2017/01/1-dance_groupe.jpg



Hvem har kunnskapen?

Setesdøler kjenner generelt til dansen, slåttane og steva. Ein del av utøvinga er ein spesialistkunnskap. Det er spelemennene og kvedarane som kan det store repertoaret og er i stand til å utøve musikken.

Nokre utøvarar som er sentrale i vidareføringa av tradisjonen i dag:

Hallvard T. Bjørgum, Kirsten Bråten Berg, Gunnar Stubseid, Sigurd Brokke, Tor Hoslemo, Jamie Lodberg, Bjørgulv Straume, Sigrid Jore, Sigrid B. Berg, Kim Rysstad, Vidar Lande, Birgit Lund, Eivind Aakhus, Arne Haugå, Anne Karin Kaasa, Torleiv Løyland, Jon K. Rysstad, Tor Espen Helle, Knut Arne Rysstad, Bjørgulv Rysstad, Marit Bergland Rysstad, Knut Breivegen, Daniel Sandén-Warg.

Historisk bakgrunn

Musikken og dansen har ein ubrotten tradisjon i Setesdal. Tidlegare levde kulturuttrykket som ein integrert del av samfunnet, uavhengig av organisert opplæring. Mange av slåttane var då knytte til seremoniar (bryllaupsslåttar blei spela i bryllaup). I vår tid lever denne musikken vidare som konsertmusikk og i meir organiserte former enn før. Så har det kome nye bruksområde og arenaer til. Eit døme på dette kan vere at det i dag er fullt ut akseptert å spele og danse i kyrkja, noko som ikkje var lov tidlegare.

Det har vore eit skifte frå ei naturleg overlevering av musikk- og dansetradisjonane til ei meir organisert opplæring, basert på organisasjonane si målsetting om at det er viktig å ivareta og vidareføre den lokale tradisjonen.

Eit anna skifte over tid har vore ei generelle haldningsendring til delar av folkekulturen. Det var ein religiøs ideologisk periode på 1800-tallet der folkekulturen – og spesielt gangardans og spel - blei sett på som synd. Men det lokale kulturuttrykket var likevel så sterkt at det overlevde ved at enkelte markante kulturpersonar og utøvarar tok vare på musikken og dansen, trass i massiv motstand frå mange i lokalmiljøet.

Tradisjonen stod også svakt i 1950- og 60-åra då den ytre påverknaden frå det globale kulturuttrykket var sterk. Det var få utøvarar, og mange var redde for at tradisjonen ville døye ut. Mot slutten av 1960-talet og den grøne bylgja blei det på nytt fokus på lokal musikk- og dansetradisjon. Innanfor folkemusikken blei grasrotsperspektivet viktig i 70- og 80-åra, med fokus på heile folkemusikkrepertoaret, også dei små og spesielle slåttene. Den første kulturmeldinga kom på midten av 70-tallet, og nye finansieringsmogelegheiter påverka bevaringa av tradisjonen. Samstundes blei organisasjonskulturen sterkare med fokus på å ivareta, vidareføre og vidareutvikle tradisjonen.

Veien vidare

I vår tid kan ein sjå at det rurale aukar i popularitet. Det er ei meir positiv haldning til lokale og særeigne kulturuttrykk, og samfunnet har aksept for ulike kulturelle uttrykk. Det gjev tradisjonsuttrykket ein mindre negativ klang enn tidlegare. Praksisen er i dag i positiv utvikling.

Stevet er med på å ivareta og vidareføre den særeigne dialekten. Opplæringa skjer både formelt og uformelt. Overføring skjer framleis på privat initiativ frå lærere til elev. Kulturskulen, skulen og spelemannslaget gjev opplæring i alle tre uttrykk. I dag er det også litt bruk av notar, og det blir arrangert kurs i spel, dans og kveding i samband med den årlege Setesdalsfestivalen.

Vidareføringa av musikken og dansen skjer også ved formelle arrangement som kvedarstunder og spelemannstreff, og ved uformelle arrangement som folkemusikkpub og ulike kulturarrangement. Agder Folkemusikkarkiv og eit rikt utval av fonogram gjer tradisjonen tilgjengelig for alle som er interesserte.

Kan du bidra med innhold til artikkelen? [Foreslå bilder til bidraget \(mailto:astri.rysstad@istorm.no?subject=Bilder%20til%20ditt%20bidrag%20Setesdalsgangar \(dans og spel\), stev og stevjing\)](mailto:astri.rysstad@istorm.no?subject=Bilder%20til%20ditt%20bidrag%20Setesdalsgangar%20(dans%20og%20spel),%20stev%20og%20stevjing) eller [foreslå forbedringer av tekst \(mailto:astri.rysstad@istorm.no?subject=Forslag%20til%20tekstendringer%20av%20ditt%20bidrag%20Setesdalsgangar \(dans og spel\), stev og stevjing\)](mailto:astri.rysstad@istorm.no?subject=Forslag%20til%20tekstendringer%20av%20ditt%20bidrag%20Setesdalsgangar%20(dans%20og%20spel),%20stev%20og%20stevjing)

Spørsmål og kommentarer

Legg igjen en kommentar

Du må være innlogget (https://www.immaterieilkulturarv.no/wp-login.php?redirect_to=https%3A%2F%2Fwww.immaterieilkulturarv.no%2Fbidrag%2Fsetesdalsgangar-dans-og-spel-stev-og-stevjing%2F) for å kunne kommentere.



(<http://www.kulturradet.no>)

Practice of traditional music and dance in Setesdal. Playing, dancing and singing (stev/stevjing).

Reçu CLT / CH / ITH

Le 25 SEP. 2018

Translation of the extract from the inventory of intangible cultural heritage in Norway¹

N° 0443

The practice of traditional music and dance in Setesdal. Playing, dancing and singing (stev/stevjing)

Dancing, playing and singing (verse-making (stev/stevjing)) is important for the identity of the people in Setesdal, and it is important for other artists who are interested in the tradition. The music and dance have room for individuality and variety. People can practice at home, in the cultural school in the region, in the pubs and on the stage. The singing helps to safeguard the dialect.

Information regarding the tradition and the knowledge

The music and dance of this tradition are inseparable. Most of the folk tunes (*slåtter*) are also dance tunes. Song is integral to the music, whereby instruments accompany the traditional short verses (*stev*), and the verses often refer to the dance, the music and the performers. Performers are generally proficient in all three forms of expression (folk music, singing and dance). In most social performance contexts, all three forms of expression are used.

Folk music: the playing of folk tunes on fiddles, esp. the Hardanger fiddle, and Jew's harps. *Gangar* are dances played in a duple-time metre (2/4 or 6/8). The music is built up from a wide variety of two- and three-beat motifs with variations.

Associated dance forms: couples dance separately ("*danse eismedde*", literally: "to dance alone") or in a ring with exchange of partners. The dance can be performed either as a *greileik* (in a sedate and courtly manner) or as a *sprekleik* (a more vigorous form with athletic leaps).

Song/verse-making: individual improvised invention (*kveding*) of short verses (*stev*), or two or more people singing in dialogue with each other (*stevjing*). A *stev* is a short, four-line verse form. There are two types:

¹ <https://www.immaterieellkulturarv.no/bidrag/setesdalsgangar-dans-og-spel-stev-og-stevjing/> The description of the element on the website is in Norwegian. A professional translator, who is not familiar with the Convention and its language, has translated the text.

Nystev (literally: new verse) uses an AABB end-rhyme pattern (in the dialect from Setesdal).

I have a girl, she is so sweet
She is like the first day of spring, when the sun is out
Her hands are white like snow
And her cheeks blushing like the rising sun

Gammelstev (literally: old verse) uses an –A–A end-rhyme pattern (in the dialect from Setesdal).

Her hair is like a flower
Her neck like white snow
Her eyes are beaming
Like the sun rising above the mountain

The music requires instruments (fiddle, Hardanger fiddle, Jew's harp), the dance requires music and a dance floor, the song (*stevjing*) uses the singer's own voice and either existing or newly composed verse texts.

The forms are practised in the home, at cultural schools, social gatherings, on theatre stages, in contest events (*kappleik*), in the media, in books, literature and phonographic recordings, on social media (sharing of recordings, writing of verses). The cultural expression is important both for social and artistic matter, and the expression is a part of the cultural environment, and is important for identity and community.

This is a free tradition that can accommodate individuality and variation. There are numerous verse tunes, and many practitioners write new verses. The *stev* verse form is also used in advertising, as an element in debates, in applications, in a wide variety of speeches etc. The *stev* verse form is frequently used in local newspapers (*Setesdølen*) and the Christmas magazine of the *Nynorsk* language association (*Jol i Setesdal*).

With regard to the music and dance, there are different personal styles and forms of expression. New tunes are composed within the tradition, and all performers have their own individual styles and ways of interpreting the traditional material. The traditional melodic material is also played on new ("untraditional") instruments. The dances are performed with independent couples, and as ring dances in which couples exchange partners, making it easy to integrate new dancers.

These forms are practised by both males and females of all ages, from the youngest to the oldest, and by amateurs, semi-professionals and professionals. Other owners of the tradition: the families of performers, neighbourhoods, local communities, visitors to pubs and public events, organisation members, residents of the villages and municipalities (Bygland, Valle, Bykle) where people identify as *Setesdøler* (Setesdal locals), those who have left the area but still practise its traditions, other

folk dancers / folk musicians who know and practice the forms, and the general public.

The three municipalities of Bygland, Valle and Bykle have a total population of around 3,500. In 2015, about 1% of residents were active folk musicians, about 5% practised the use of the verse forms, and about 15% were active as dancers. Virtually all the musicians can dance *gangar* and most compose verses (*stev*). Many residents know at least a few *stev*.

Examples:

Regular monthly singing group at Sylvartun (Setesdal Museum), currently with 12 participants meets to practice. Tuition within cultural schools and individual tuition from teacher to pupil. Dance and music: Sæbyggjen (youth group located in Setesdal), Kulturpatruljen (The Culture Patrol in the area) – active in summer; passes on music and dance in collaboration with the Setesdal Museum. Several local folk dance groups – Austad (Bygland Municipality), Valle (Valle Municipality) and Bykle (Bykle Municipality). Some dancers have regular partners and specialise in contest dancing and public performance. Setesdal Spelemannslag (Setesdal folk-music group)

Social contexts: Festivities, weddings, confirmations, birthdays and various less formal events, like: pub nights for informal social gatherings and in festive events arranged by Setesdal Spelemannslag Setesdal folk-music group), such as Christmas parties. Festive contests (*kappleik*), where participants compete in instrumental playing, dancing and singing. Singing sessions and folk-music meetings at Sylvartun, a part of the Setesdal Museum.

Competent practitioners

The folk tunes and verses are largely public knowledge. Some aspects of practice require high levels of specialisation. Dedicated folk musicians and singers/verse-makers preserve the repertoire.

Performers, who are central to the continuation of the tradition today, include (all of whom have given permission to be named here): Hallvard T. Bjørgum, Kirsten Bråten Berg, Gunnar Stubseid, Sigurd Brokke, Tor Hoslemo, Jamie Lodberg, Bjørgulv Straume, Sigrid Jore, Sigrid B. Berg, Kim Andre Rysstad, Vidar Lande, Birgit Lund, Eivind Aakhus, Arne Haugå, Anne Karin Kaasa, Torleiv Løyland, Jon K. Rysstad, Tor Espen Helle, Knut Arne Rysstad, Bjørgulv Rysstad, Marit Bergland Rysstad, Knut Breivegen, and Daniel Sanden Warg.

Historical background

This tradition has been handed down through many generations. Until some 50 years ago, these cultural practices had survived without any formal organisation. In the past, many of the tunes were associated primarily with specific occasions (wedding tunes were only played at weddings),

whereas now the music is also performed in concerts. Today the music is often presented at events that are independent of ceremonies. There has been an increase in the range of performance spaces, for example, it is now considered acceptable to perform music and dance in churches, which was not the case in the past.

There has been a shift from informal transmission between generations to more organised tuition, based on the aims of the various organisations that recognise the importance of preserving and continuing local traditions.

There has also been a change in attitudes to folk culture. For a period during the 19th century, religious ideology regarded many folk-cultural practices as sinful. However, these forms of expression were resilient and have survived, thanks to the efforts of determined individuals who continued the tradition despite opposition from the community.

The tradition was at its lowest ebb in the 1950s and 60s, due to the spread of more global forms of cultural expression. There were few practitioners, and the tradition was in danger of dying out. Because of the 1968 protest movements and the subsequent rise in ecological thinking, local traditions once again came into focus. The grass-roots perspective gained importance in the field of folk music in the 1970s and 80, when people began to take an active interest in the entire folk music repertoire, including even the shorter, more idiosyncratic tunes. Norway's first white paper on culture was issued in the mid 1970s and the funding possibilities that followed from it influenced the organisational culture in ways that strengthened conservation, transmission and further development of the tradition.

The way forward

At present, rural life-styles are steadily gaining in popularity. Attitudes towards local practices and local forms of cultural expression in particular are more positive, with communities valuing a diversity of cultural forms. Traditional forms of expression no longer carry the negative connotations they had in the past, which also promises a brighter future for the folk music tradition. This field is currently in positive development.

The *stev* verse form is helping to preserve and transmit a distinctive local dialect. Induction into the tradition takes place both formally and informally. Transmission still occurs through the channel of private tuition by expert practitioners. In addition, the culture schools and folk-music groups provide tuition in all three aspects of the tradition. Teaching makes use of both aural transmission from teacher to student, but also notated music.

Courses are arranged in conjunction with the annual contest event (*kappleiken*). Informal

gatherings, verse-making sessions, pub dances – teachers within the community. Phonographic recordings and archival material make the tradition accessible to everyone and facilitate learning by imitation.